

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 30.08.2006 **Tid:** 13.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 6, inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Frode Bjørnås

Janne Drevsjø møtte kl 13.15

Sigmund Dyrhovden møtte kl 13.15

I staden møtte:

Andre som var tilstade på møtet:

Ordførar, Adm. sjef, leiar av teknisk eining og miljø- og plansjef.

Det var synfaring i samband med sakene 37, 38, 42 og 43. Avd. ing. Knut Steinsland var med på synfaringa i sakene 37 og 38.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 5. september 2006

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Ikkje merknader til innkalling og saklista.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes vedteke.

UTVALET SITT KVARTER:

Idar Reistad Massar er plasserte i friområde på Bjørkheim. Kva er gjort?

Sverresvold orienterte om at massane er mellomlagra her, og at entreprenøren har fått frist med å fjerna dei.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

- Ordføraren ba om at naturvalet peika ut 2 representantar til å sitja i eit kommunalt utval som skal sjå på areal som kan vera aktuelle å sikra som friområde. Utval for oppvekst og omsorg har peika ut to representantar. Det er mogleg å få statlege midlar til kjøp/tilrettelegging av off. friområdet. Sture Tveit og Olaug Øystese vart peika ut som representantar frå naturutvalet.
- Ordføraren orienterte om arbeidet på Ytre Tysse. Det vil seinare verta sendt ut ein skriftleg statusrapport.
- Adm.sjef orienterte om status for byggeområde Hagamulen. M.a. er takstfolk no leigd inn.
- Etter innspel frå administrasjonssjefen vart fullmakter til administrasjonen i dispensasjonssaker og delingssaker drøfta. Leiaren ønskte at administrasjonen gjennomgår delegeringsreglementet og evt. fremjar sak om endringar.
- Strandsonenplan må prioriterast ved neste års budsjett. Adm. må sette av ressursar til å førebu oppstart av arbeidet.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0034/06	02/00234 SAMNANGER FABRIKKER AS - SØKNAD OM UTVIDA KONSESJON FOR KRAFTPRODUKSJON I TYSSEELVA I SAMNANGERVASSDRAGET
0035/06	02/00427 REGULERINGSPLAN HYTTEFELT SVENSDAL GNR 34/2. MINDRE VESENTLEG ENDRING AV REGULERINGSPLAN
0036/06	06/00379 REGULERINGSPLAN FOR NAUSTTOMTER FOR BYGGJEFELT ROLVSVÅG FRAMLEGG TIL PLAN
0037/06	06/00177 BYGGJESAK GARASJE GNR 24, BNR 235 LØNNEBAKKEN. KLAGE PÅ AVGJER I DELEGERT SAK NR.16/06
0038/06	04/00250 BYGGJESAK GARASJE GNR 24, BNR 221 LØNNEBAKKEN KLAGE PÅ OPPFØRT GARASJE
0039/06	02/00557 DELINGSSAK GNR 32/3. - KLAGE
0040/06	04/00142 SØKNAD OM DELING AV GRUNNEIGEDOM GNR. 33 BNR. 1, HØYSÆTER
0041/06	06/00203 DELINGSSAK GNR 3, BNR 6.
0042/06	06/00225 DELINGSSAK GNR 21, BNR 3.
0043/06	06/00242 DELINGSSAK GNR 19, BNR 8, NORDVIK.
0044/06	06/00279 DELINGSSAK GNR 15 BNR 3

- 0045/06 06/00293
DELINGSSAK GNR 47, BNR 3.
- 0046/06 06/00336
DELING AV NAUSTETOMT GNR 26 BNR 7
- 0047/06 05/00087
**NY KRAFTLEIDNING MELLOM EIDFJORD OG
SAMNANGER.**
- 0048/06 06/00333
FRÅDELING AV FESTETOMT, GNR/BNR 32/1

0034/06

SAMNANGER FABRIKKER AS - SØKNAD OM UTVIDA KONSESJON FOR KRAFTPRODUKSJON I TYSSEELVA I SAMNANGERVASSDRAGET

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune vil merke at krav om minstevassføring på 3 m³/s og automatisk styring av denne må vidareførast ved utviding av konsesjon. Det bør vurderast om det skal vera reglar for bruk av dei nye 6 m³/s i perioden 15.10. til 01.06, då det kan føra til fleire periodar i vinterhalvåret med minimalt med vatn i Tyssefossen. Vidare må fagfolk innan fiskeforvaltning vurderer om dei kompensierende tiltaka er mogleg å iverksette og om dei vil ha ynskjeleg verknad i høve til anadrome fiskeslag om konsesjon ver utvida til 18 m³/s.

Handsaming i møte:

Utvalet ønskte at det vert sett krav om minstevassføring heile året, men noko redusert i høve til sommarhalvåret.

Framlegg til vedtak med endringar i andre setning der det vart sett krav om minstevassføring vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune vil merke at krav om minstevassføring på 3 m³/s og automatisk styring av denne må vidareførast ved utviding av konsesjon. I perioden 01.06. – 15.10. må det setjast krav om minstevassføring på 1,5 m³/s. Vidare må fagfolk innan fiskeforvaltning vurderer om dei kompensierende tiltaka er mogleg å iverksette og om dei vil ha ynskjeleg verknad i høve til anadrome fiskeslag om konsesjon ver utvida til 18 m³/s.

0035/06

REGULERINGSPLAN HYTTEFELT SVENSDAL GNR 34/2. MINDRE VESENTLEG ENDRING AV REGULERINGSPLAN

Framlegg til vedtak::

Det vert etter plan- og bygningslova § 28-1 pkt. 2 føreteke ein mindre vesentleg endring av reguleringsføresegner for Svendsdalen Hyttefelt gnr/bnr 34/2 datert 28.03.2003. Pkt (100)

Byggjeområde. Avsnitt 3 vert endra til følgjande:

Eksisterande bygg inngår i reguleringsplanen og er markert-jfr. Teiknforklaring.

Største tillate grunnflate for nye hytter skal ikkje overstiga 150 m² og isolert grunnflate på 100 m² (1. etasje)

Nye bygg kan ha ein takvinkel på mellom 22 og 36 grader.

Handsaming i møte:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert etter plan- og bygningslova § 28-1 pkt. 2 føreteke ein mindre vesentleg endring av reguleringsføresegner for Svendsdalen Hyttefelt gnr/bnr 34/2 datert 28.03.2003. Pkt (100) Byggejeområde. Avsnitt 3 vert endra til følgjande:

Eksisterande bygg inngår i reguleringsplanen og er markert-jfr. Teiknforklaring.

Største tillate grunnflate for nye hytter skal ikkje overstiga 150 m² og isolert grunnflate på 100 m² (1. etasje)

Nye bygg kan ha ein takvinkel på mellom 22 og 36 grader.

0036/06

REGULERINGSPLAN FOR NAUSTTOMTER FOR BYGGJEFELT ROLVSVÅG FRAMLEGG TIL PLAN

Framlegg til vedtak.:

Framlegg til reguleringsplan for naustområde knytt til bustadfeltet på Rolvsvåg dagsett 17.07.2006 med føresegner vert lagt ut til off. ettersyn.

Det vert arbeidd vidare med å få etablert ei større båthamn/marina med opplagsplass på område nord for bustadfeltet.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Framlegg til reguleringsplan for naustområde knytt til bustadfeltet på Rolvsvåg dagsett 17.07.2006 med føresegner vert lagt ut til off. ettersyn.

Det vert arbeidd vidare med å få etablert ei større båthamn/marina med opplagsplass på område nord for bustadfeltet.

0037/06

BYGGJESAK GARASJE GNR 24, BNR 235 LØNNEBAKKEN. KLAGE PÅ AVGJER I DELEGERT SAK NR.16/06

Framlegg til vedtak.:

Ein kan ikkje sjå at det er kome fram nye moment som tilseier at vedtak i delegert sak nr.16/06 skal endrast.

Vedtak i delegert sak nr.16/06 vert oppretthalde, og saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland til avgjerd.

Handsaming i møte:

Sigmund Dyrhovden sette fram slikt framlegg:

1. *Mønehøgden på garasjen blir senka slik vedtak i delegert vedtak sak nr 16/06 tilseier.*
2. *Garasjen blir flytta mot nordvest slik at bakvegg fluktar med husveggen på tomta.*

Prøverøysting: 3 røysta for framlegget frå Sigmund Dyrhovden og 3 for framlegg til vedtak.
 Leiaren røysta for framlegg til vedtak.
 Ved endeleg røysting røysta alle for framlegg til vedtak.

Vedtak:

Ein kan ikkje sjå at det er kome fram nye moment som tilseier at vedtak i delegert sak nr.16/06 skal endrast.

Vedtak i delegert sak nr.16/06 vert oppretthalde, og saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland til avgjerd.

0038/06

**BYGGJESAK GARASJE GNR 24, BNR 221 LØNNEBAKKEN
 KLAGE PÅ OPPFØRT GARASJE**

Framlegg til vedtak::

Klage frå eigarne av 5-manns bustad motteke 08.06.06 vert ikkje imøtekomen.

Det vert ikkje stillt krav om redusert takhøgde på oppført garasje.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland til vurdering /handsaming.

Handsaming i møte:

Janne Drevsjø er ein av klagarane. Ho ba om å få vera ugild ved handsaming av denne saka.

Utvalet var samd i dette. Ho tok ikkje del i sakshandsaminga.

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak

Vedtak:

Klage frå eigarne av 5-manns bustad motteke 08.06.06 vert ikkje imøtekomen.

Det vert ikkje stillt krav om redusert takhøgde på oppført garasje.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland til vurdering /handsaming.

0039/06

DELINGSSAK GNR 32/3. - KLAGE

Framlegg til vedtak::

Klagen til Thor Kleivane vert ikkje teken til følge i høve til plan- og bygningslova.

Kommunen finn ikkje at det har kome fram nye særlege grunnar som kan gje dispensasjon frå arealplan til Samnanger kommune.

Klagen til Thor Kleivane vert ikkje teke til følge i høve til jordlova § 12.

Handsaming i møte:

Olaug Øystese sette fram slikt framlegg:

Søknad om dispensasjon for å dela frå vert imøtekomen.

5 røysta for framlegg til vedtak. Framlegget frå Øystese fekk ei røyst.

Vedtak:

Klagen til Thor Kleivane vert ikkje teken til følgje i høve til plan- og bygningslova. Kommunen finn ikkje at det har kome fram nye særlege grunnar som kan gje dispensasjon frå arealplan til Samnanger kommune.

Klagen til Thor Kleivane vert ikkje teke til følgje i høve til jordlova § 12.

0040/06

SØKNAD OM DELING AV GRUNNEIGEDOM GNR. 33 BNR. 1, HØYSÆTER**Framlegg til vedtak::**

Det vert etter plan- og bygningslova § 63 og kommuneplan for Samnanger kommune godkjent å dela i frå område sett av til hyttebygging på gnr/bnr 33/1. Område er på om lag 16 da. Det vert etter plan- og bygningslova § 23 sett krav om utarbeiding av felles reguleringsplan med byggjeområde på gnr/bnr 33/4 før det kan settast i gong med byggjetiltak på det aktuelle område.

Det vert etter jordlova § 12, *Deling*, gjeve løyve til å dela i frå eit område på om lag 16 da til hyttebygging på gnr/bnr 33/1.

Handsaming i møte:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert etter plan- og bygningslova § 63 og kommuneplan for Samnanger kommune godkjent å dela i frå område sett av til hyttebygging på gnr/bnr 33/1. Område er på om lag 16 da. Det vert etter plan- og bygningslova § 23 sett krav om utarbeiding av felles reguleringsplan med byggjeområde på gnr/bnr 33/4 før det kan settast i gong med byggjetiltak på det aktuelle område.

Det vert etter jordlova § 12, *Deling*, gjeve løyve til å dela i frå eit område på om lag 16 da til hyttebygging på gnr/bnr 33/1.

0041/06

DELINGSSAK GNR 3, BNR 6.**Framlegg til vedtak::**

Det vert etter plan- og bygningslova § 7, *Dispensasjon*, gjeva løyve til å dela våningshus med ei tomt på om lag 4,5 da i frå gnr/bnr 3/6 i Samnanger kommune.

Det vert etter jordlova, § 12, *Deling*, gjeve løyve til å dela våningshus med ei tomt på om lag 4,5 da i frå gnr/bnr 3/6 i Samnanger kommune.

Handsaming i møte:

Idar Reistad ba om å få vurdert om han var ugild ved handsaming av saka. Søkjar er onkelen hans samt at dei begge representerar Bygdalista i kommunestyret.

Sture Tveit ba om at det vart røysta over om Reistad var ugild. 2 røysta for at han var ugild, 3 for at han var gild.

Idar Reistad tok del i vidare sakshandsaming.

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert etter plan- og bygningslova § 7, *Dispensasjon*, gjeva løyve til å dela våningshus med ei tomt på om lag 4,5 da i frå gnr/bnr 3/6 i Samnanger kommune.

Det vert etter jordlova, § 12, *Deling*, gjeve løyve til å dela våningshus med ei tomt på om lag 4,5 da i frå gnr/bnr 3/6 i Samnanger kommune.

0042/06

DELINGSSAK GNR 21, BNR 3.**Framlegg til vedtak::**

Det ligg ikkje føre særlege grunnar som gir grunnlag for å gje dispensasjon frå vedteken kommuneplan. Det vert dermed ikkje gitt løyve etter plan og bygningslova, §§ 7 og 63, til å dela frå ei bustadtomt frå gnr/bnr 21/3 i Samnanger kommune.

Det vert etter jordlova, §12, ikkje gjeve løyve til å dela i frå ei bustadtomt på gnr/bnr 21/3 i Samnanger kommune.

Handsaming i møte:

Olaug Øystese sette fram slikt framlegg:

Det vert gitt dispensasjon frå vedteken kommuneplan og det vert gitt løyve etter plan og bygningslova, §§ 7 og 63 til å dela frå ei bustadtomt frå gnr/bnr 21/3 i Samnanger kommune.

Det vert etter jordlova, §12, gjeve løyve til å dela i frå ei bustadtomt på gnr/bnr 21/3 i Samnanger kommune.

Det vart røysta alternativt over dei to framlegga. Framlegget frå Øystese vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert gitt dispensasjon frå vedteken kommuneplan og det vert gitt løyve etter plan og bygningslova, §§ 7 og 63 til å dela frå ei bustadtomt frå gnr/bnr 21/3 i Samnanger kommune.

Det vert etter jordlova, §12, gjeve løyve til å dela i frå ei bustadtomt på gnr/bnr 21/3 i Samnanger kommune.

0043/06

DELINGSSAK GNR 19, BNR 8, NORDVIK.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune kan ikkje sjå at det ligg føre særlege grunnar til dispensasjon frå gjeldande arealplan. Det vert etter plan- og bygningslova §§ 7 og 63 ikkje gjeve løyve til å dela i frå parsellar på gnr/bnr 19/8 i Samnanger kommune.

Det vert etter jordlova § 12, *Deling*, ikkje gjeve løyve til å dele i frå parsellar på gnr/bnr 19/8 i Samnanger kommune.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune kan ikkje sjå at det ligg føre særlege grunnar til dispensasjon frå gjeldande arealplan. Det vert etter plan- og bygningslova §§ 7 og 63 ikkje gjeve løyve til å dela i frå parsellar på gnr/bnr 19/8 i Samnanger kommune.

Det vert etter jordlova § 12, *Deling*, ikkje gjeve løyve til å dele i frå parsellar på gnr/bnr 19/8 i Samnanger kommune.

0044/06

DELINGSSAK GNR 15 BNR 3

Framlegg til vedtak::

Det vert etter § 7 i plan- og bygningslova gjeve dispensasjon frå krav i kommuneplan om utarbeiding av reguleringsplan. Det vert såleis etter pl.b.l. § 63 gjeve løyve til frådeling av to bustadtomter på gnr/bnr 15/3.

Det vert etter jordlova § 12, *Deling*, gjeve løyve til å dela i frå to bustadtomter på gnr/bnr 15/3.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert etter § 7 i plan- og bygningslova gjeve dispensasjon frå krav i kommuneplan om utarbeiding av reguleringsplan. Det vert såleis etter pl.b.l. § 63 gjeve løyve til frådeling av to bustadtomter på gnr/bnr 15/3.

Det vert etter jordlova § 12, *Deling*, gjeve løyve til å dela i frå to bustadtomter på gnr/bnr 15/3.

0045/06

DELINGSSAK GNR 47, BNR 3.

Framlegg til vedtak::

Det vert etter plan og bygningslova, §§ 7 og 63, ikkje funne grunnlag for å gjeve løyve til frådelling av 3 fritidstomter på gnr/bnr 47/3 i Samnanger kommune.

Det vert etter jordlova § 12, Deling, funne grunnlag for å dela i frå 3 tomter til fritidsføremål på gnr/bnr 47/3 i Samnanger kommune.

Med avslag i høve til plan- og bygningslova vil det seia at det ikkje vert gjeve løyve til å dela i frå 3 fritidstomter på gnr/bnr 47/3 i Samnanger kommune.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert etter plan og bygningslova, §§ 7 og 63, ikkje funne grunnlag for å gjeve løyve til frådelling av 3 fritidstomter på gnr/bnr 47/3 i Samnanger kommune.

Det vert etter jordlova § 12, Deling, funne grunnlag for å dela i frå 3 tomter til fritidsføremål på gnr/bnr 47/3 i Samnanger kommune.

Med avslag i høve til plan- og bygningslova vil det seia at det ikkje vert gjeve løyve til å dela i frå 3 fritidstomter på gnr/bnr 47/3 i Samnanger kommune.

0046/06

DELING AV NAUSTETOMT GNR 26 BNR 7

Framlegg til vedtak::

Det vert etter plan- og bygningslova §§ 7 og 63 gjeve løyve til å dela frå ei sjøtomt frå gnr/bnr 26/7 i Samnanger kommune. Om tomta kan nyttast til bygging av naust må avklarast i strandsoneplan for Samnanger kommune.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert etter plan- og bygningslova §§ 7 og 63 gjeve løyve til å dela frå ei sjøtomt frå gnr/bnr 26/7 i Samnanger kommune. Om tomta kan nyttast til bygging av naust må avklarast i strandsoneplan for Samnanger kommune.

0047/06

NY KRAFTLEIDNING MELLOM EIDFJORD OG SAMNANGER.**Framlegg til vedtak::**

Ny kV 420 linje til Samnanger kommune vil i fyrste rekkje få stor verknad i Børdalen. Det er alt i dag mange linjer inn og ut av Børdalen. Trafostasjonen m. linjer er svært dominerande i dag, noko som vert ytterlegare forsterka med dei planlagde tiltaka. Den nye linja vil bandleggja ytterlegare areal og føra til betydelege konsekvensar i høve til drift av skogen.

Grunneigarane i Børdalen må kompenseras. Det vert då fyrst og fremst bedt om tiltak som vil gje driftsmessig verdiauke. Det vert då synt til at lausmassane frå område til den nye trafostasjon kan nyttast til heving av flaumutsett jordbruksareal og bygging av godkjente landbruksveggar i Børdalen. Statnett bør også i anleggsfasen gjera arbeide med å senke terskelen for elva ut av Børdalen. Vidare vil det ved utbygging av privat vasskraftverk i Børdalen vera trong for linje og tilkopling til nettet. Samnanger kommune syner til at det vart bygd skogsveg som kompensasjon når Bergen Lysverker bygde trafostasjon og linjer inne i Børdalen.

Det er trong for avbøtande tiltak slik at inngrepa vert minst mogleg. Linjer, master og stasjonen må kamufleras slik at dei vert minst mogleg synleg i terrenget. Dette gjeld spesielt i Børdalen, over Mørkhølen, Fossen Bratte og elles der master og linje er særskild eksponerte. Dette gjeld mellom anna der master og linje ligg i himmelsynet.

Det må leggjast opp til tiltak som reduserar stråling frå linjene, samt sikra trafostasjonen i Børdalen i høve til uhell. Trafostasjon ligg tett inntil fylkesveg, Det er også busette og aktiv landbruksdrift av område rundt trafostasjon.

Samnanger kommune ser alternativ 1.0 som det totalt beste alternativet av dei to som er planlagt gjennom kommunen.

Samnanger kommune gir dispensasjon frå kommuneplan til etablering av linje trase.

Handsaming i møte:

Idar Reistad sette fram slikt framlegg

Samnanger kommune er skeptisk til ny 400 kV linje Sima – Samnanger fordi me er uroa over at det kan pressa fram ny kraftlinje vidare frå Børdal mot Bergen. Kommunen synast framleis det er for uklart kva som vil skje vidare vestover og at Statnett i samarbeid med BKK burde klarleggja dette betre føre ein endeleg tek standpunkt i saka.

Kommunen forstår likevel den alvorlege situasjonen som er oppstått med omsyn til kraftforsyninga inn mot BKK området. Dersom det må byggjast ny linje, meiner kommunen at alt. 1.0 må veljast gjennom Samnanger. Alt. 3.0 er uakseptabelt.

Ny kV 420 linje til Samnanger kommune vil i fyrste rekkje få stor verknad i Børdalen. Det er alt i dag mange linjer inn og ut av Børdalen. Trafostasjonen m. linjer er svært dominerande i dag, noko som vert ytterlegare forsterka med dei planlagde tiltaka. Den nye linja vil bandleggja ytterlegare areal og føra til betydelege konsekvensar i høve til drift av skogen.

Grunneigarane i Børdalen må kompenseras. Det vert då fyrst og fremst bedt om tiltak som vil gje driftsmessig verdiauke. Det vert då synt til at lausmassane frå område til den nye trafostasjon kan nyttast til heving av flaumutsett jordbruksareal og bygging av godkjente landbruksvegar i Børdalen. Statnett bør også i anleggsfasen gjera arbeide med å senke terskelen for elva ut av Børdalen. Samnanger kommune syner til at det vart bygd skogsveg som kompensasjon når Bergen Lysverker bygde trafostasjon og linjer inne i Børdalen.

Det er trong for avbøtande tiltak slik at inngrepa vert minst mogleg. Linjer, master og stasjonen må kamufleras slik at dei vert minst mogleg synleg i terrenget. Dette gjeld spesielt i Børdalen, over Mørkhølen, Fossen Bratte og elles der master og linje er særskild eksponerte. Dette gjeld mellom anna der master og linje ligg i himmelsynet.

Det må leggjast opp til tiltak som reduserar stråling frå linjene, samt sikra trafostasjonen i Børdalen i høve til uhell. Trafostasjon ligg tett inntil fylkesveg, Det er også busette og aktiv landbruksdrift av område rundt trafostasjon.

Samnanger kommune avventar ein eigen søknad når det gjeld dispensasjon frå kommuneplan og krav om reguleringsplan.

Utvalet vedtok samrøystes framlegget frå Idar Reistad.

Vedtak:

Samnanger kommune er skeptisk til ny 400 kV linje Sima – Samnanger fordi me er uroa over at det kan pressa fram ny kraftlinje vidare frå Børdal mot Bergen. Kommunen synast framleis det er for uklart kva som vil skje vidare vestover og at Statnett i samarbeid med BKK burde klarleggja dette betre føre ein endeleg tek standpunkt i saka.

Kommunen forstår likevel den alvorlege situasjonen som er oppstått med omsyn til kraftforsyninga inn mot BKK området. Dersom det må byggjast ny linje, meiner kommunen at alt. 1.0 må veljast gjennom Samnanger. Alt. 3.0 er uakseptabelt.

Ny kV 420 linje til Samnanger kommune vil i fyrste rekkje få stor verknad i Børdalen. Det er alt i dag mange linjer inn og ut av Børdalen. Trafostasjonen m. linjer er svært dominerande i dag, noko som vert ytterlegare forsterka med dei planlagde tiltaka. Den nye linja vil bandleggja ytterlegare areal og føra til betydelege konsekvensar i høve til drift av skogen.

Grunneigarane i Børdalen må kompenseras. Det vert då fyrst og fremst bedt om tiltak som vil gje driftsmessig verdiauke. Det vert då synt til at lausmassane frå område til den nye trafostasjon kan nyttast til heving av flaumutsett jordbruksareal og bygging av godkjente landbruksvegar i Børdalen. Statnett bør også i anleggsfasen gjera arbeide med å senke terskelen for elva ut av Børdalen. Samnanger kommune syner til at det vart bygd skogsveg som kompensasjon når Bergen Lysverker bygde trafostasjon og linjer inne i Børdalen.

Det er trong for avbøtande tiltak slik at inngrepa vert minst mogleg. Linjer, master og stasjonen må kamufleras slik at dei vert minst mogleg synleg i terrenget. Dette gjeld spesielt i Børdalen, over Mørkhølen, Fossen Bratte og elles der master og linje er særskild eksponerte. Dette gjeld mellom anna der master og linje ligg i himmelsynet.

Det må leggjast opp til tiltak som reduserar stråling frå linjene, samt sikra trafostasjonen i Børdalen i høve til uhell. Trafostasjon ligg tett inntil fylkesveg, Det er også busette og aktiv landbruksdrift av område rundt trafostasjon.

Samnanger kommune avventar ein eigen søknad når det gjeld dispensasjon frå kommuneplan og krav om reguleringsplan.

0048/06

FRÅDELING AV FESTETOMT, GNR/BNR 32/1

Framlegg til vedtak::

Det vert etter § 7 i plan- og bygningslova gjeve dispensasjon frå krav i kommuneplan til utarbeiding av reguleringsplan. Det vert såleis etter pl.b.l. § 63 gjeve løyve til frådeling av ei eksisterande hytte på gnr/bnr 32/1.

Det vert etter jordlova § 12, *Deling*, gjeve løyve til å dele i frå ei eksisterande hytte på gnr/bnr 32/1.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert etter § 7 i plan- og bygningslova gjeve dispensasjon frå krav i kommuneplan til utarbeiding av reguleringsplan. Det vert såleis etter pl.b.l. § 63 gjeve løyve til frådeling av ei eksisterande hytte på gnr/bnr 32/1.

Det vert etter jordlova § 12, *Deling*, gjeve løyve til å dele i frå ei eksisterande hytte på gnr/bnr 32/1.